

Onsdag kveld vert boka frå Kvinnherad som naturfotograf Jan Rabben har laga introdusert på Halsnøy og det er grunn til å venta ei fotografisk oppleving også for uskedelingane.

Rabben, som utan tvil ligg i den nasjonale toppklassen, har vore på ein rundtur på og rundt Skorpo med Johannes Hauge og Kjell Yri som guidar og vi ventar spent på resultatet.

Turlaget står bak dette prosjektet og dei ynskjer å visa naturmangfaldet i kommunen. Det fristar til aktivitetar som spenn frå padling til brevanding og Rabben har ein spesiell evne til å spissa opplevingane gjennom kamera-auget sitt.

Han er opprinneleg frå Ålesund, men 60-åringen har no budd på Stord sidan 1991.

Ikkje minst imponerer han med fuglebileta sine som har danna grunnlag for mange fascinerande kåseri, også med lyd og levande musikk. Den første boka hans handla om fugletrekkets mysterier og den fekk han to prisar for.

Ei anna bok som fekk glimrande kritikkar og vart ein salssuksess var den om naturen i Sunnhordland, Han jobbar no også med fleire prosjekt, mellom anna illustrerer han ei bok om stadnamn på Stord..
Og apropos lokale foto: Ulvanåso er å finna på 25 bilete i boka som vert presentert onsdag kveld.

Rabben har satt seg sterkt i respekt med mange dyrebilete, til dømes av måren som han har vore sterkt oppteken av (under)

Av Ola Matti Mathisen